



Kyrkjeblad

FOR ÅSKVOLL

NR. 2 | HAUST | 2016 | 93. ÅRG.



Bussreisa

Det er fortalt om ein mann som brått vakna. Då fekk han sitt livs sjokk. I staden for å vakne i senga, sat han på ein stor turistbuss. Dei køyrde på ein motorveg, og bussen var full av menneske. Nokre sat og prata, andre leste. Ingen såg ut til å reagere på at han sat der. Det gjorde han litt rolegare. Men det måtte no vere ei rimeleg forklaring på dette.

Då snudde mannen seg og spurde passasjerer ved sida av: «Unnskyld meg, men eg har sove ei stund. Då eg vakna, sat eg på denne bussen. Men eg har ikkje peiling på korleis eg havna her. Og eg veit heller ikkje kor bussen skal. Veit du noko?»

Og sidepassasjerer svarte: «Nei, det veit eg faktisk ikkje, eg heller. Men kan du vere litt stille. Eg ser på ein spennande film.»

Men mannen gav seg ikkje. Han snudde seg til eit par litt lengre bort: «Unnskyld meg,» sa han. «Kan de seie meg korleis vi havna på denne bussen, og kor vi eigentleg er på veg?»

Paret smilte til han. «Nei, dessverre,» sa dei. «Det veit vi ikkje.»



Då fekk han sjå ein knapp oppe i taket, og trykte på den , og straks kom det ei bussvertinne. Ho visste heller ikkje kor dei skulle, men serverte han pølse og cola. Han såg film og gledde seg over den vakre utsikta. Men han kjende seg ikkje heilt nøgd. Til slutt bestemte han seg for å spørje sjåføren. Han gjekk fram og spurde: «Du, då. Du må da vel vite kva dette er for ein buss, korleis vi havna her, og kor den eigentleg er på veg?»

Sjåføren slo ut med den eine armen. «Nei, dessverre,» sa han, «eg berre køyrer.»

Vi er alle som passasjerar på ei reise. Det er jo eigentleg ein merkeleg situasjon. Dei

fleste veit jo kven mor og far er. Vi kjenner menneskekroppen og biologien. Men på eit djupare plan står vi der med mange spørsmål vi ikkje kan få eit ordentlig svar på.

Gud seier: «Før eg forma deg i mors liv, kjende eg deg, før du vart fødd, helga eg deg.» (Jer 1,5)

Tenk at du er eit resultat av eit møte mellom to menneske. Viss dei ikkje hadde møtt kvarandre, hadde ikkje du vore. Nokre tankar er litt rare, men sanne likevel. Vi er alle eit resultat av arv og miljø, og eit møte. Kanskje litt tilfeldig. Kven veit? Men vi blei alle fødd ein gong. Vi kom inn i verda. Vi vil nok aldri få eit fullstendig svar på kvifor vi har kome nettopp hit, og kva meininga eigentleg var og er – anna enn at vi skal leve eit liv. Livet er jo slik sett inga sjølvfølge, men ei gåve.

Korleis havna vi på livets buss? Finst det ei djupare meining med livet her på jorda?

Vi kan nøye oss med å kose og hygge oss, og nyte naturen. Men nokre gonger bankar verkelegheita på døra.

Så står plutselig dei store livsspørsmåla der:

Kor kjem vi frå?

Kvifor er vi her?

Og kor skal vi hen?

Knut Arne Kummeneje



«Det verker alltid **umogeleg** før det er gjort»



Diakonirådgevar Vetle Karlsen Eide ved Bjørgvin bispekontor kjem til Askvoll kyrkje 23. november.

Diakoni vert ofte kalla for kyrkja si omsorgsteneste, og er eit kjerneaspekt ved heile verksemda. Diverre har ein ikkje fått prioritert diakoniarbeidet i soknet siste åra, men soknerådet ønskjer no å prioritere dette arbeidet. Difor inviterer soknerådet til diakonikveld i Askvoll kyrkje 23. november.

Hovudinnleiar for kvelden er Vetle Karlsen Eide som er rådgevar for diakoni og misjon ved Bjørgvin bispekontor. Hans inspirasjonsføredrag har fått tittelen "Det verker alltid umogleg før det er gjort".

Utanom Eide kjem det også meir lokale diakonikrefter frå prostiet som skal snakke om korleis eit diakoniutval arbeider og korleis ein lagar ein diakoniplan. Det vert i tillegg ei økt med gruppesamtalar og idémyldring om kva diakoniarbeid ein skal ha i Askvoll.

Det vert enkel servering.

Diakonikvelden er open for alle interesserte.

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?


Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING

 **KIRKENS**
SOS

Konfirmantane i Askvoll 2016



HOLMEDAL KYRKJE 24. APRIL

I midten frå venstre: Idar Vilnes Helle, Pål Hegrenes Vindenes og Ragnar Kløvtveit.

Foran frå venstre: Emilie Vagstad Eimhjellen, Elisabeth Guddal og Maren Linnea Hestvik Mork.

Bak: Sokneprest Stein Hugo Fykse.

Foto: Kari Berit Ness



BULANDET KAPELL 21. MAI

Frå venstre: Prest Knut Arne Kummeneje, Lene Blom Landøy, Peder Veim Thistel, Emil Lars Paul Sjøberg Norstrand.

Foto: Synnøve Melvær



STONGFJORDEN KAPELL 22. MAI

Frå venstre: Kristine Mjåseth, Kristine Tveit, Julie Mjåseth, prest Knut Arne Kummeneje.

Foto: Vilde Larsen



KVAMMEN KAPELL 22. MAI

Framme frå venstre: Sandra Mandelid, Edel Marie Myrstad, Frida Leknes

Bak frå venstre: Prest Knut Arne Kummeneje, Andrine Leknes, Aurora Selvik, Bjørnar Osland Yndestad.

Foto: Ingunn Osland



VILNES KYRKJE 14. MAI

Frå venstre: Karolina Dayana Frantzen Stuhaug, Serine Mathea Svellingen Mjåseth, Frida Keilegavlen Grane, Andrea Mattevik Vilnes, sokneprest Stein Hugo Fykse, Hans Petter Løkeland Jenssen, Thea Aminda Leirvåg, John Håvard Arctander Herland, Jan Reidar Grane, Steffen Heggøy

Foto: Grete Marøy Sellevoll



ASKVOLL KYRKJE 8. MAI

Framme frå venstre: André Ringstad Olset, Andrine Bakke, Anja Leiknes, Lisa Marie Klubben Økland, Mariell Risøy Loftheim, Thea Haugen, Ingeborg Grane Ringstad.

Bak frå venstre: sokneprest Stein Hugo Fykse, Martine Dalsøren Rivedal, Sander Kvamme, Ruben Ask Svellingen, Oskar Bjørkevoll Hestholm, Vilde Larsen.

Foto: Aud Frøholm

Økonomien

til kyrkjebladet for Askvoll

Dei siste åra har kyrkjebladøkonomien vore dårleg. I 2014 gjekk bladet med om lag kr 39.000,- og i 2015 var underskotet om lag kr 4.000,-. Underskota er dekkja inn med bruk av fondsmidlar. Ved inngangen til 2016 står det berre att om lag kr 16.000,- i fondsmidlar til kyrkjebladet.

Det er eit mål om at bladet skal verte finansiert med frivillege bladpengar, gåver, kyrkjeofringar og sal av annonsar. Når ein dei siste åra har hatt underskot, har difor soknerådet gjort nokre tiltak for å prøve å sikre balanse i bladøkonomien frå 2016. Soknet har ein utgift på ca. kr 25-30.000,- per nummer avhengig av sidetal. Det er verdt å merke seg at dugnadsinnsats frå soknerådet og andre frivillege fører til at distribusjonen av bladet til alle husstandar i kommunen skjer kostnadsfritt for soknet.

år, men ein håpar at fleire vil betale når det no er gjort med nokre få trykk på mobilen.

Trykkekostnader

Halde trykkekostnader på eit lågt nivå ved berre å ha tre utgåver pr. år. Dette er ein reduksjon i forhold til tidlegare mål som var fire nummer pr. år. Ein har ikkje vurdert å redusere kostnader med å gå ned på sidetalet per nummer eller nytte billegare layout og kvalitet.

Annonser

Annonseprisene er oppjusterte, slik at ein sikrar overskot på desse sidene, men totaleffekten på dette salet vil likevel vere marginal og utgjere i underkant av kr 10.000,- per år.

Kyrkjeofringar

Soknerådet har vedteke at ein held tale på kyrkjeofringar til kyrkjebladet på eit høgre nivå enn tidlegare. To gonger per år vert det teke opp offer til kyrkjebladet i Askvoll, Bulandet, Holmedal og Kvammen, og minst ein gong per år i Vilnes kyrkje. Forventa inntekt for dette er om lag kr 18.000,- pr. år.

Rune Ziener

Sms-betaling på 1-2-3:

1. Skriv ein sms med teksten: **BLAD**
2. Send meldinga til telefonnummer **2380**
3. Du vert då belasta med **kr 200,-** på telefonrekninga



Bladpengar og sms-betaling

Hovudinntekta til bladet kjem frå den frivillege bladkontingenten. Her kjem det inn i underkant av kr 50.000,- årleg, men det er likevel ikkje nok til å sikre økonomisk balanse. Vi har sett ein rettleiande bladkontingent på kr 200,-. Det har vore drøfta om denne bør aukast opp, men ein har konkludert med at kontingenten er passeleg. Utfordringa er å få fleire til å betale. For å få til dette har ein gjort det enklare å betale med å nytte seg av sms-betaling. Framleis vil ein legge inn vanleg giro i bladet ein gong per

Frivillege bladkontingent pr. år.	200,-
Bladkontingent for blad tilsendt med posten	250,-
Annonsering kyrkjeblad (pr. utgåve) 1/8 s	500,-
Annonsering kyrkjeblad (pr. utgåve) 1/4 s	800,-
Annonsering kyrkjeblad (pr. utgåve) 1/2 s	1200,-
Annonsering kyrkjeblad (pr. utgåve) 1/1 s	2000,-
Annonserabatt ved annonsering i 4 utgåver	25%

*Vi er din lokale fagbutikk i kommunen
som leverer alt av blomar
i anledning gravferd:*



- *Kistedekorasjon*
- *Hjerte*
- *Kors*
- *Krans*
- *Bårebukett m.m.*



Vi er og forhandler av gravminne, gravering og rens av stein.

Vil du sjå din annonse her?


Kontakt kyrkjekontoret!



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus stiller stormen!



Finn ni dyr!

Namnet på ni dyr er gøymt inni rutenettet. Dyrenamna står bortover og nedover. Finn du alle ni?

R	N	I	G	J	H	L	A	B	W
R	A	R	D	E	U	G	L	E	I
E	F	E	R	N	N	Y	Å	E	N
K	R	O	K	O	D	I	L	L	E
O	I	T	A	P	O	D	N	E	S
R	R	E	T	P	E	L	A	F	U
N	K	R	T	I	G	E	R	A	R
A	N	D	R	O	T	I	U	N	Y
S	L	A	B	A	D	T	E	T	Z

Finn 5 feil

Teikningar: Trevor Keen

Jesus lærte folket om Gud. Så dro han og læresveinane over sjøen. Underwegs vart det storm!

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Abonnér på barnebladet

BARNAS

16 blader + 1 CD

= berre 399,-

(privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 239,- per barn

Ting på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00





«Middag og misjon»

på Fiskarheimen i Bulandet

torsdag 6. oktober

Til deg som er født i 2003!

Du er herved invitert til å vere med på eit spennande opplegg om misjon på Fiskarheimen i Bulandet. Det startar kl 17.00 og sluttar kl 19.30.

Dei som ikkje bur i Værlandet/Bulandet, kan ta ferje klokka 15.20 frå Askvoll. Vi kan hjelpe til med transport frå Værlandet til Bulandet tur/retur. Sjølve opplegget startar klokka 17.00 med gratis middag på Fiskarheimen.



Ingvald Frøyen med sin gode venn Mamudu.

Gløym alt du veit om misjon! Det er sannsynlegvis både mangelfullt og misvisande. vKom til Ljosheim og høyr om Ingvald Frøyens spennande opplevingar frå livet som misjonær.

Han vaks opp på Madagaskar på 1960- og 70-talet, og har vore misjonær i Mali, eit land han framleis reiser til.

No har du sjansen til å bli litt klokare og lære meir – og tileigne deg forståing og perspektiv du kan bruke både i ulike skulefag og i ditt eige liv!

Vi startar som nemnd med eit godt måltid mat – kl 17.00. Så skal vi gjere mykje spennande saman, både gjennom leik og høyre om alt det Ingvald har å fortelje oss!

Dette opplegget er ein del av trusopplæringa i Askvoll.

Du som er født i 2003 vil få eit invitasjonsbrev i posten.

Vi håpar å sjå nettopp DEG! Dette må du ikkje gå glipp av!

Knut Arne Kummeneje
SPESIALPREST FOR BORN OG UNGE

Ragnhild Stav
TRUSOPPLÆRAR

Ingvald Frøyen
DET NORSKE MISJONSSKAP

Høsten er lang

Lang er høsten.
Kort er trøsten
av det som var.

Trist er løvet.
Svart er støvet
av det som er.

Trå er tanken.
Brå er anken
på det som er.

Fjern er roen.
Svak er troen
på det som blir.

Vis meg broen
til nyskapt liv!

Sigurd Wahl Sande

Frå: Over motbakkene er himlen alltid blå





Baby Song

Oppstart 20. september
på Askvoll kyrkjekontor

Musikk og rytme har stor plass i
babysong og alle sansar vert utfordra.

Kvar tysdag opnar vi dørene kl.11 og held på fram til kl.13. Det heile startar med ei songstund og vert avslutta med lunsj. Vi stiller opp med lunsj for dei vaksne, så ordnar foreldra med lunsj for dei minste. Det kostar 250 kr for heile kurset som går over 8 veker fram til 15.november. Babysong er frå 0-1 år og er eit samarbeidsprosjekt mellom Den norske kyrkja i Askvoll og Sogn og Fjordane Indremisjon.

PÅMELDING TIL

trusoplærer Ragnhild Stav / tlf.: 909 67 627 / kyrkjelydsarbeidar@askvoll.kyrkja.no / eller ved frammøte



Velkomen til ein Sprell levande laurdagsklubb!



På laurdagsklubben syng vi mange forskjellige songar, vi får bli kjende med Jesus, leikar og teikner. I haust skal du mellom anna få høyre nokre av dei historiane

Jesus fortalde; om den gode Far og den rike bonden, vi skal

høyre om Sakarja som fekk besøk og om noko som heiter Bergpreika. Tema for i år er «Heilag og nær» Det er det Gud er; han er heilag og han er nær.

Du som er 4 år eller meir er hjarteleg velkomen til laurdagsklubben som er i Askvoll kyrkje ca annakvar laurdag frå 11 til 12.15. Ta gjerne med deg mamma eller

pappa eller besta eller besten. Dei vaksne får ein kopp kaffe eller ein kopp te om dei vil ha.

Dei fyrste dagane er 10.9, 24.9, 8.10, 22.10.

Vi har ei eiga facebookgruppe der vi legg ut kor tid vi har klubbsamling og kva vi skal høyre om der. Gruppa heiter «Lurdagsklubb i Askvoll kyrkje», ho er offentleg og du finn ho her;

<https://www.facebook.com/groups/561221717317175/?fref=ts>

Kom, kom og høyr!

Helsing leiarane.

Fjordane
BEGRAVELSESBYRÅ

- ditt byrå i Fjordane

Vi har samarbeid med Lailas Blomster

For meir informasjon sjå vår heimeside

www.fjordan.no

epost: post@fjordan.no

Lindbøen 2

6809 Førde

Vakttelefon 57 82 70 30

Markegt. 42

6900 Florø

Vakttelefon 57 74 31 36

Lailas Blomster

Telefon 57 73 02 95

«Syng, for Guds skuld» i Kvammen

Så er kvelden endeleg komen. Regnbygene har tatt ei lita pause og dørene inn til kapellet kan opnast. Orkesteret med koringsgruppa har gjort sine nødvendige førebuingar og det er berre å vente på at folk skal komme inn dørene for å delta på Syng, for Guds skuld. For dette er eit konsept som føreset at tilskodarane ikkje er tilskodarar, men deltakarar.

Klokka er halv åtte og tida er inne for å setje i gang med det innøvde programmet. Tonane frå påskesalmen «Han er oppstanden» innleier programmet som har som overskrift: «når eg i undring anar». Orkesteret blir leia av Anton som trakterer fleire instrument etter behov. Men han er ikkje åleine. Øyvind Selvik og Ragnhild Stav er med og lagar det gode akkompaniement som gjer det godt å synge til. Ikkje for dominerande, men samstundes får dei vist korleis instrumenta kan brukast for å lage god musikk. For det er ikkje slik at dei berre spelar eit instrument, men dei varierer med ulike instrument alt etter kva som passar best til dei ulike melodiane. Koristane syng engasjert og med innleving som forsangarar. For her er det dei som sit i «benkeradane» som er dei viktigaste aktørane. Vi syng songar som uttrykker undring til skaparverket og til Guds godheit i verda. Med songar frå fleire ulike sjangrar får vi synge ut vår undring og begeistring til Guds skaparverk. Her blir brukt songar ifrå tidleg kyrkjehistorie i kanonsong og melodiar som er nyare frå Taize- og Hillsong- tradisjonen. For undringa er ikkje av nyare dato, men har opptatt menneska til alle tider. Det er jo ikkje slik at dei

stadig fleire vitenskapelege funna har gjort undringa mindre. Nei, fasinasjonen og undringa over Guds skaparverk har berre blitt større ettersom ein ser kor fantastisk rikt og uttenkt skaparverket er. Derfor blir det heilt naturleg at vi får avslutte kvelden med nattverd der vi som undrar kan få del i Guds godheit for menneska. Med ein enkel nattverdsliturgi får Stein Hugo Fykse stille servert oss Guds nådemåltid.

Plutseleg er songkvelden over og Jostein Gryte kan takke for deltakinga og orkesteret kan spele opp avslutnings-songen: Kor stort min Gud at eg ditt barn får vera. For undringa og fasinasjonen tek ikkje slutt med dette, men den er noko vi tek med oss ut i kvardagen og gjer trua levande og viktig.

Kvelden vart ein god kveld der vi fekk undre oss i lag og synge ut våre songar om temaet. Ved utgangsdøra stoppa vi opp og fekk i gang ein kort liten prat om kor fint vi hadde hatt det og der vi uttrykte ynskje om at dette burde fleire vore med på. Heldigvis var dette berre fyrste arrangement av fleire planlagde. Neste gang vi skal samlast om Syng, for Guds skuld, blir ein jule/adventsutgåve 16 desember og ei utgåve februar. Så bar det ut i den nyvaska kvelden med ein forhåpentleg good feeling på heimvegen.

Takk for ein god kveld.

Jostein Gryte





Kapell i ein regntung fredagskveld



Fire ved utgangsdøra

Fire »Syng, for Guds skuld!-deltakarar» får tre spørsmål før dei dreg heim.

1. Kva fekk deg til å vere med på «Syng, for Guds skuld!», i kveld?
2. Korleis opplevde du kvelden?
3. Kva sette du ekstra pris på?

Øyvind Selvik

Spelte gitar i orkesteret

1. Det var Jostein som ringte og spurte om eg ville vere med å spele.
2. Det vart ein fin kveld, syns det vart bra variasjon i det musikalske. Synd ikkje fleire hadde teke turen.
3. At dette går føre seg i Kvammen, og at det kjem folk frå andre bygder for å delta.

Ann Britt Ålen

Frå Kvammen

1. Eg hadde lyst til å vere med å synge i lag med andre.
2. Det var ein veldig fin kveld. Gode og innhaldsrike songar. Fint "sydd" saman.
3. Eg sette pris på at dyktige musikarar laga ei fin ramme rundt songane. Det var fint at nattverden var ein del av kvelden.



Håvard Russnes

Frå Notodden

1. Var heime på ferie og syns arrangementet såg interessant ut.
2. Ein flott kveld! Godt å kunne være både tilhøyrar og deltakar. Det å synge saman gjev ei god kjensle! For meg som er utflytta er ein slik kveld også godt møtepunkt med gamle kjente.
3. Blandinga av flotte solo framføringar, gode musikarar og fellesskapskjensla.

Solfrid Heilevang

1. Eg er glad i song og musikk, er kjekt å komme saman å synge. Veldig bra når det er i nærmiljøet.
2. Det var en kjekk kveld, flott musikk og god stemning. Fin avslutning med nattverd. Ros til dei som arrangerer.
3. Spesielt kjekt å synge gospel, veldig flott.



Velkommen til gudsteneste



ASKVOLL KYRKJE

04. september kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.
Offer til Den evangeliske-lutherske kyrja.

18. september kl.11.00

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

02. oktober kl.19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

16. oktober kl.11.00

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

30. oktober kl.19.00 Guds-
teneste ved Stein Hugo Fykse.

13. november kl.19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

27. november kl.11.00

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.



HOLMEDAL KYRKJE

11. september kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

09. oktober kl.19.00

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

06. november kl.11.00

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje



VILNES KYRKJE

04. september kl.19.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

18. september kl.15.00

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

09. oktober kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

13. november kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.



KVAMMEN KAPELL

11. september kl.15.00

Gudsteneste ved Knut Arne Kummeneje.

02. oktober kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

30. oktober kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

20. november kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.



BULANDET KAPELL

11. september kl.11.00

Gudsteneste ved Stein Hugo Fykse.

30. oktober kl.11.00 Gudsteneste
ved Knut Arne Kummeneje.

06. november kl.11.00 Guds-
teneste ved Stein Hugo Fykse.



STONGFJORDEN KAPELL

18. september kl.19.00 Guds-
teneste ved Stein Hugo Fykse.

Sjå www.askvoll.kyrkja.no

for oppdatert gudstenesteliste



Frist for innsending av stoff til neste kyrkjeblad: 15.11.2016

Bruk e-postadresse: post@askvoll.kyrkja.no

Kyrkjelege handlingar



DØPTE 2016

ASKVOLL

27. mars Johannes Solheim
Petersen
03. april William Tranøy Hawkes
15. mai Natalie Fristad Eide
29. mai Jonas Helleset Solheim
29. mai Alexander Håvåg
Karlsen
12. juni Vetle Hellevang-
Asperheim
10. juli Noah Nikøy
04.sept Laura Elisabeth Mjåseth
Indrebø

VILNES

17. april Andrine Marie Lervåg
19. juni Lykke Bakke Lammetun
19. juni Nataniel England
21. aug. Sigve Høyvik Landøy
04. sept. Julian Jenssen Leirvåg

BULANDET KAPELL

27. mars Benjamin Johansen
Rogne
07. aug. Maja Hillersøy
11. sept. Adelina Semcenko
Melvær

HOLMEDAL

17. juli Kevin Rivedal
14. aug. Magnus Lien Skeiseid

KVAMMEN KAPELL

21. aug. Emil Hansen Kvammen



VIGDE 2016

ASKVOLL

28. mai Synne Lindgren Helle og
Håvard Helle.
09. juli Sonja Karin Molvik og
Torbjørn Øglend

HOLMEDAL

02. juli Helena Hansen og
Daniel Åsnes Flekke
06. aug. Julie Vårdal Heggøy og
Kim Frode Solheim



GRAVLAGDE 2016

ASKVOLL

18. mars Odd Arne Mjåseth
f.1949
01. april Liv Sofie Grimelid
f.1929
15. april Arnor Gjervik f.1929
10. juni Atle Grane f.1933
08. juli Solveig Waagene f.1919
02. sept. Magnar Olset f.1944

HOLMEDAL

08. april Per Gunnar Gjendemsjø
Tangedal f.1993
29. april Arvid Bakke f.1917
Urnedsetting
05. juli Erling Itland f.1928

BULANDET

12. juli Greta Landøy f.1942
15. juli Audunn Grepstad
f.1930
23. aug. Ellinor Melvær f.2016
26. aug. Torbjørn Sandøy f.1930

VILNES

19. april Halvard Tysse f.1919
29. april Svein Geir Mjåseth
f.1954

GJELSVIK

29. mars Olav Hellevang f.1924
Urnedsetting
28. juni Sigrun Alise Mjåseth
Kvammen f.1957

VÆRLANDET

10. mai Sverre Oddmund
Vesterås f.1938
12. juli Greta Landøy f.1942
10. aug. Jarl Alden f.1939
Urnedsetting



Velkommen til haustens Alpha-kurs!

Måndag 19. september kl. 19:00 startar vi opp på Olset bedehus.

Denne kvelden inviterer vi deg til å ete eit godt måltid, samtidig som du får ein presentasjon om kva Alpha er. Du er velkommen denne kvelden sjølv om du ikkje har meldt deg på kurset. Her får du høve til å finne ut meir om Alpha.

På Alpha-kurs kan du utforske den kristne trua i eit ope og avslappande miljø. Alpha har samling ein gong i veka over 10 veker.

Kvar kveld et vi kveldsmat i lag. I tillegg til kurskveldane, inviterer vi deg med på ein weekend med mykje flott program.

Kurset er gratis, men maten vil koste 20 kr kvar kveld. Weekenden må deltakarane betale sjølv.

PÅMELDING TIL Runhild Øvreås:
98073005 / runhildovreas@live.no

Kurset kjem i gang om mange nok melder seg på.

No kan du betale for kyrkjebladet på sms
Send **BLAD** på
sms til **2380**
(200 kr)



DEN NORSKE KYRKJA Askvoll

KONTAKT OSS



RUNE ZIENER
Dagleg leiar/kyrkjeveerje

☎ 479 63 319
✉ kyrkjeveerje@askvoll.kyrkja.no



MARIT VEBERG ASK
Kyrkjeseekretær

☎ 918 74 724
✉ kyrkjesekreter@askvoll.kyrkja.no



STEIN HUGO FYKSE
Sokneprest

☎ 909 60 154
✉ sokneprest@askvoll.kyrkja.no



RAGNHILD STAV
Trusoppplærar

☎ 909 67 627
✉ kyrkjelydsarbeidar@askvoll.kyrkja.no



ANTON PROSKURNIN
Organist

☎ 482 32 977
✉ organist@askvoll.kyrkja.no



KNUT ARNE KUMMENEJE
Spesialprest (barn/unge)

☎ 908 55 230
✉ knut.arne.kummeneje@fjalder.kyrkja.no

ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll
Telefon 918 74 724 e-post: post@askvoll.kyrkja.no
Heimeside: www.askvoll.kyrkja.no
Facebookside: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll



Kontortid: tysdag til torsdag kl: 09.00 – 15.00 Fredag kl: 10.00 – 14.00

Beredskapstelefon: 954 83 152 ved akutt behov for prestatjeneste etter kl. 17.00 og i helgene. Måndag er prestane sin fridag.

Kyrkjebladredaksjonen: Rune Ziener (ans. red.), Stein Hugo Fykse, Marit Veberg Ask, Ragnhild Stav

Leiar Askvoll sokneråd: Jostein Gryte 909 38 382